

PRESSEMELDING

Nye Folgefonna Nasjonalpark- og Informasjonssenter/Folgefonnssenteret

Etter det positive vedtaket i Kvinnherad kommunestyre 23. april, har dei private bidragsytarane i møte 5. mai bestemt seg for å vidareføra ideane og tankane bak Folgefonnssenteret.

Dei private aktørane med SKL i spissen tykkjer at planane er for gode til å verta skrinlagde, og har sett ned ei ny prosjekt-/arbeidsgruppe samansett av Dag Eirik Eikeland frå SKL, Knut Førland frå Rosendal Utvikling, og Knut Johannes Helvik frå KE Invest/Skålafjæro. Kven av desse personane som vert prosjektleiar vil verta avklart når prosjektgruppa konstituerer seg. Rosendal Utvikling vil inntil vidare påta seg sekretariatsjobben.

I tillegg vil det verta etablert ei styringsgruppe samansett av konsernsjef Magne Heimvik frå SKL, regionbanksjef Arnt Sortland frå Sparebanken Vest, samt ein representant frå den øverste politiske leiinga i Kvinnherad kommune. Prosjektleiaren vil også inngå i denne gruppa.

Arbeidsgruppa sitt mandat vert i første omgang å føra vidare det finansielle fundamentet som er skapt med grunnlag i private, kommunale og fylkeskommunale midlar, og arbeida aktivt for å styrkja dette fundamentet. Arbeidet vil byggja på kvalitetane som ligg i prosjektet som nyleg vart vedtatt avvikla etter fleire års godt arbeid. Lukkast ein i å få finansieringa på plass, vil arbeidet med lokalisering og senteret sitt innhald verta intensivert. Her vil mellom anna universiteta i Bergen og Oslo, Bjerknessenteret og Norges Geologiske Undersøkelser vera viktige støttespelarar.

– Konsernsjef i SKL, Magne Heimvik, er optimistisk med tanke på det vidare arbeidet. Det at Kvinnherad kommune held fram som ein viktig aktør for å få senteret realisert gjer at vi no har eit godt grunnlag for å gå vidare med prosjektet. Det er enno ikkje utarbeida ein ny prosjektplan, men målsetjinga er å ha eit grunnlag på plass om senteret lar seg realisera eller ikkje i løpet av hausten 2009.

Stord, 6. mai 2009

Sparebanken Vest, Visjon Vest

KE Invest AS

Skålafjæro AS

SKL AS

For meir informasjon, kontakt:

Magne Heimvik, SKL AS

tlf. 53 49 60 00

Knut Førland, Rosendal Utvikling AS

tlf. 53 47 22 00 / 91 84 10 01